



Det som skjedde 22. juli i 2011 hadde ein utløysande verknad med omsyn til politisk aktivitet blant ungdommen. Før terrordagen var det til dømes ingen politiske ungdomsparti i vår kommune men eitt år etterpå var det 5. Eitt av dei er Unge Høgre og leiar Ann Lisbeth Ljosnes Moen (biletet) frå Uskedalen var til stades på årsmøtet i Kvinnherad Høgre.

Ho kunne gje ein svært positiv rapport som mellom anna opplyste at det no er 20 medlemmer i Unge Høgre i kommunen. Det tykte årsmøtet var imponerende.

Fleire på årsmøtet la ellers vekt på kor viktig det er å satsa på samarbeid med Høgre i Bergen, som vart kalla ein maktfaktor. Men samarbeidet lokalt i Sunnhordland og Hardanger er også viktig.

Årsmeldinga la vekt på at Høgre ved å vise musklar fekk gjennomslag for å behalda 2 av 3 nedleggjingstruga liner på den vidaregåande skulen.

Særleg viktig var det for Kvinnherad å behalda påbyggklassen fordi elevane der kan ombestemma seg under studieløpet.

Behovet for ingeniørar og helsepersonell er her viktig. Jo lenger dei unge blir i kommunen jo større er sjansene for at dei kjem attende etter utdanninga.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen